



Hardangerviddatunnelene AS
Orgnr. 999178812
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord
Tlf 90944980
post@hardangerviddatunnelene.no
www.hardangerviddatunnelene.no

Årsmelding 2022

1. Organisering

Hardangerviddatunnelene AS har forretningsadressa Eidfjord kommune, og kontoradressa Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (Eidfjord kommunehus). Selskapet har som hovudføremål å etablere sikker helårsveg over Hardangervidda (Rv.7) gjennom bygging av tunnelar.

Selskapet hadde etter ordinær Generalforsamlinga 11. juni 2022 slik styresamansetjing:

Styreleiar	Petter Rukke	Personleg vara Inger-Britt Vindegg
Nestleiar	Anders Vatlø	Personleg vara Gunvål Medhus
Styremedlem	Hanne B. Haatuft	Personleg vara Martin Grøslandsbråten
Styremedlem	Anne Lise Bleie	Personleg vara Liv Bente Rokne Vivelid
Styremedlem	Hans Petter Torbjørnsen	Personleg vara Roald Aga Haug
Styremedlem	Solveig Vestenfor	Personleg vara Jan Gaute Bjerke
Styremedlem	Sverre Kleivkås	Personleg vara Inger-Britt Vindegg

Valkomite: Erik Kaupang og Aslak Lægveid
Dagleg leiar Leiv A Vambheim i 30 % stilling.

2. Styret sitt arbeid.

Det har halde 5 styremøte og handsama 36 styresaker. Det har vore godt aktivitetsnivå i meldingsåret, og styret sine medlemmer har bidrege nyttig til selskapet sin aktivitet og merksemd i relevante fora.

Nokre formelle og praktiske saker som styret og administrasjonen har jobba med, er:

- Budsjett, regnskap og jamnleg økonomirapportering.
- Informasjon på Heimesida www.hardangerviddatunnelene.no og Facebooksida «Ja til Rv 7 som stamveg».
- Arbeidd med ny videofilm for Dyranuttunnel.
- Strategiar inn mot NTP 2022-2033. Konsulentbistand frå Norconsult Lillehammer.
- Arendalskonferansen 2022.
- Den ordinære Generalforsamlinga i selskapet vart halde 21. juni 2022.

3. Aksjonæroversikt

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 100.000, fordelt på 100 aksjar pålydande kr. 1000. Aksjekapitalen er fullt innbetalt.

Aksjonærliste per. 31.12.2020

Navn:	Org.nr:	Antall aksjer:	Pålydende:	Beløp:
Hol kommune	971 030 607	40	1 000	40 000
Eidfjord kommune	944 227 121	40	1 000	40 000
Ullensvang kommune	920 500 633	5	1 000	5 000

Ål kommune	864 952 992	5	1 000	5 000
Nore og Uvdal kommune	964 950 946	5	1 000	5 000
Ulvik herad	971 159 928	5	1 000	5 000
Sum		100		100 000

4. Selskapet si verksemd.

Aktivitet og rollefordeling.

Leiv Vambheim var tilsett i 30 % midlertidig stilling i 2022. Arbeidsfordelinga er at dagleg leiar administrerer selskapet, og styret er ansvarleg for påverknadsarbeidet.

Dagleg leiar og styre føl nøye med kva som rører seg i vegdebattane rundt oss og arbeider med å vera synlege i media og hos styremaktene.

Ved månadlege gjennomgangar av Statens vegvesen sine trafikktejingar dokumenterer selskapet aukande trafikk på rv 7 Hardangervidda og aukande trafikantprioritering. Dette vert publisert i Facebook og på Heimesida. Trafikktala fortel om sterkt aukande prioritering av Rv 7 Hardangervidda når den er open. Sommaren 2021 hadde Rv7 Hardangervidda like stor månadsdøgntrafikk som Rv 52 Hemsedal og E16 Filefjell tilsaman og på nivå med E 134 Haukeli (målt ved Vinje). Årsdøgntrafikken 2013.2021 viser at rv 7 Hardangervidda halar inn på E 134 Haukeli. Dessverre så er det i 2022 ikkje lenger samanliknabare tejingar på andre fjellovergangar.

Årsdøgntrafikkutvikling:

År / ÅDT	Hol-Aurland	Filefjell	Hemsedal	Hardangervidda	Haukeli
2012	348	654	1232	759	1411
2013	338	675	1138	929	1438
2014	298	863	1246	976	1436
2015	298	1070	1280	1087	1475
2016	291	923	1276	1151	1597
2017	292	677	1308	1224	1460
2018	285	571	1330	1335	1699
2019	289	750	1454	1369	1736
2020	269	777	1260	983	1422
2021	277	753	1256	1504	1797
2022				1467	

Strategiarbeid.

KVU-arbeidet.

Målsetjinga for strategiarbeidet i selskapet har vore å nå inn til sentrale styremakter med konsekvensane av Funksjonsfordelingsvedtaket Rv7/rv52 frå 2017, slik at ein kan få KVU for Hardangervidda ut av skuffene i Samferdselsdepartementet og eit vedtak om konseptet K 2 (korte tunnelar). Før dette er gjort arbeider selskapet i motvind. Statens vegvesen legg framleis til grunn sitt arbeid i aust-vest-utgreiinga frå 2015, der kun E134 og rv 52 er tilrådd som hovudvegar aust-vest. Selskapet fekk i 2022 skuffande svar om K0 frå Samferdselsdepartementet at Regjeringa ikkje ville satsa på utvikla tiltak for Rv 7 Hardangervidda.

For tunnelar på Hardangervidda var det i 2022 særleg 3 tema som hadde fokus: 1)Aukande trafikk/Gode

trafikkta/Ringverknader for regionane Hardanger/Hallingdal/Numedal , 2)Reinsdyra si framtid på Hardangervidda sør og nord for Rv 7, 3)Avlastningsveg for E 16 ved stenging.

Arbeidet med KVV for Hordalandsdiagonalen er vert avslutta i 2023 med framlegg om prioritering av vegliner Bergen og E134 Kløve. Ordføraren i Eidfjord og dagleg leiar i Hardangerviddatunnelene as er medlem i ei Referansegruppa.

I framlegg til NTP 2022-2033 står det mellom anna i kapittelet om Korridor 5:

«I Nasjonal transportplan 2018–2029 ble det gitt noen føringer for en langsiktig strategi om utvikling av veiforbindelsene mellom Østlandet og Vestlandet. Det ble blant annet lagt til grunn at både E134 og rv. 7/rv. 52 skal være hovedveiforbindelser mellom Østlandet og Vestlandet.»

«Rv. 7 over Hardangervidda er den korteste veien mellom Bergen og Oslo, og har størst betydning for reiselivsnæringen. Tungtransporten mellom Oslo og Bergen går i hovedsak på rv. 52 over Hemsedalsfjellet.» NTP lovar ingenting for Rv 7 Hardanger fram til 2029.

Påverknad.

Styremedlem Solveig Vestenfor er vararepresentant til Stortinget og har sendt brev til Statsrådene Espen Barth Eide i Klima- og Miljødepartementet og Jon-Ivar Nygård i Samferdselsdepartementet om at den raudlista Villreinstamma på Hardangervidda no treng minst ein Dyrnuttunnel for å sikra nødvendige framtidige leveområde.

Styret i Hardangerviddatunnelene as har i sterkt sent brev til desse Statsrådene og bede om møte i saka. KMD har avslått eit slikt møte og SD har ikkje svara.

Profilering

Moment selskapet fremjar: Rv 7 Hardangervidda er Kortaste vegen Oslo-Bergen; Funksjonsfordeling med rv 52; Større ÅDT på rv 7 enn rv 52 i 2021; Må verta heilårsopen , vintersikker og trafikkssikker; Framkommeleg for heilårs reiseliv og persontransport; Nødvendig avlastningsveg for Sogn; Internasjonal forpliktelse for villreinstamma; Varetransportnæringa treng også heilårsopen trafikkssikker veg over Vidda. Viktigaste arbeidet i selskapet er påverknad av dei som bestemmer og løyver midlar : Vegvesen, Fylkeskommunar, Departement og Storting.

Norconsult as på Lillehammer har laga ein presentasjon som underbyggjer det store nytten villreinen på Hardangervidda vil ha av Dyrnuttunnelen. Profileringa til Hardangerviddatunnelene AS er på det jamne med heimeside, facebookside, brosjyre , Arendalsuka og "frå munn til munn". Media viser også interesse når det er noko nytt.

*Heimesida www.hardangerviddaunnelene.no . Her legg ein ut informasjon etter som aktuelle ting skjer eller ein vil planta ut tankar og gode idear. Trafikkstatistikk og kommentarar er viktig her. Ein prøver å sleppa ut nyhende ein gong i månaden. På heimesida 2022 er filmen frå Filmprodusentane i Ål lagt ut på framsida.

*Facebook-profilen «Ja til rv 7 som stamveg» vert administrert av selskapet ved dagleg leiar. Her vert det lagt ut informasjon med jamne mellomrom mest med tilvising til heimesida. Denne profilen er godt besøkt og når om lag 8000 brukarar.

Facebooksida «Kolonnekøyring på Hardangervidda» er også ei aktiv side som svært mange er flinke å bruka. Dette er god profilering av vegen både i godver og i kolonne-/stengingsver. Sida er mest brukt av private. Administrator vil ikkje ha politisk innhald på denne sida. Det nye Brøyteselskapet , Geilo Tomteservice, er svært flink å orientera jamnleg om situasjonen på Hardangervidda.

«Varsler for rv.7 Hardangervidda» er ei side med informasjon og debattar om rv 7 Hardangervidda.. Her både transportørar og profesjonelle aktørar inne.

*Pressemeldingar prøver ein seg på når ein har noko på hjarta, men det er vanskeleg å få inn omtalar i media.

5. Økonomi.

Rekneskapen for 2022 er ført av Hardanger Økonomiservice i Eidfjord. Denne viser at selskapet har nøktern drift og solid økonomi.

Generalforsamlinga i 2016 gav styre fullmakt til å frita selskapet frå revisjon, jf Aksjelova §7-6. Styret vedtok 17.august 2016 å velja bort bruk av revisjon for Hardangerviddatunnelene AS. Rekneskapen vert derfor ikkje revidert.

Driftsinntekter per. 31.12. 2021 er	kr. 1 100 000
Driftskostnader per. 31.12. 2021 er	kr. 1 551 888
Driftsresultat per. 31.12.2019 er	kr. - 451 888
Ordinært resultat før skattekostnad	kr - 426 205
Skattekostnad på ordinært resultat	kr. 0
Årsresultat	kr. - 426 205

Driftsresultat per. 31.12.2019 er
Ordinært resultat før skattekostnad
Skattekostnad på ordinært resultat
Årsresultat

kr. - 451 888
kr. - 426 205
kr. 0
kr. - 426 205

Hovudinntekta er tilskota frå eigarkommunane/-herada med 1.1 mill kr. Hovudkostnadane er løn/pensjon, reklamekostnader. Det negative årsresultatet i 2022 skriv seg frå tre forhold: Produksjon av Film om Dyranuttunelen, Arendalsuka og Tenestekjøp hos Norconsult.

6. Bekning av underskot

Selskapet har i 2022 eit årsresultat på – 426 205 kr . Dette vert tilrådd dekkja frå oppsparte midlar i annan eigenkapital.

7. Miljøpåvirkning

Selskapet driv ikke verksemd som forurensar det ytre miljøet.

8. Arbeidsmiljø

Selskapet har dagleg leiar i mellombels 30 % stilling som einaste tilsette i 2021. Arbeidsmiljøet er godt med samspel med styret og styreleiar.

9. Likestilling

Selskapet har 7 valde medlemmer, av disse er 3 kvinner og 4 menn. Varamedlemmene har fordelingen 2 kvinner og 4 menn. Selskapet sin daglege leiar er mann.

10. Forutsetning for fortsatt drift

Med bakgrunn i selskapet sitt rekneskap og sine målsetjingar, er det grunnlag for vidare drift i selskapet.

Hol den 12.05.2023


Petter Rukke

Styreleiar


Anders Vatle

Nestleiar


Hanne B. Haatuft

Styremedlem


Hans Petter Thorbjørnsen

Styremedlem


Solveig Vestenfor

Styremedlem


Sverre Kleivkås

Styremedlem


Anne Lise Bleie

Styremedlem


Leiv A Vambheim

Dagleg leiar